

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

---

<b>Dato</b>	05.12.2024
<b>Vår referanse</b>	2023/85873-9
<b>Dykkar referanse</b>	2022/437
<b>Sakshandsamar</b>	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
<b>E-post</b>	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45723354

## Fråsegn med motsegn til høyring og offentlig ettersyn av områderegulering for Rosendal tettstad - planID 20190002 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 17.09.24 om høyring av forslag til områderegulering for Rosendal tettstad i Kvinnherad kommune, med planID 20190002. Saka blei sendt på høyring 17.09.2024 og hadde uttalefrist 08.11.2024. Vestland fylkeskommune har fått utsett frist til 05.12.2024.

Hovudfremålet i planen er å legge rammer og føringar for vidare utvikling av tettstaden Rosendal. Tettstaden Rosendal skal vidareutviklast som eit attraktivt kommunesenter, med fokus på næring, kulturkvalitetar, turisme med nærleik til sjø, fjell og fonn, og med alle dei særkvalitetar som Rosendal har. Særs viktige brikkar er ny idrettshall, eit variert bustadtilbod og strandpromenade. Fremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til sentrumsfremål.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 18.06.20. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### *Fylkeskommunen sitt mynde*

Fylkesdirektøren har mynde til å fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektøren har delegert myndet til å fremje motsegn vidare til avdelingsdirektør for kultur og folkehelse og fylkesdirektør for infrastruktur og veg. Motsegnretten er i medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering.

## Vurdering

### Planfaglege merknader

Planen er utforma som ei områderegulering, og skal difor legge grunnlag for den vidare planlegginga med å definere dei overordna rammene for Rosendal sentrum, som grønstruktur, samferdsle, friluftsområde, offentlege tenester og anna. For dei fleste områda i planen er det krav om detaljregulering før det kan gjevast løyve til tiltak, unntaka for dette går fram av føresegnene, men gjeld mellom anna ny idrettshall.

Føresegnene til planen er eit omfattande dokument som legg mange føringar for gjennomføring av tiltak og vidare planlegging i tråd med planen.

### *Medverknad*

Tidleg i planprosessen var det eit omfattande medverknadsarbeide mellom anna med ulike scenario for utvikling av Rosendal. I framlegget som no ligg til handsaming er det gjort godt greie for prosessen og det det er sagt litt om korleis medverknaden har bidrege til framlegget til plan som ligg på bordet no.

### Stadutvikling, arkitektur og estetikk

Rosendal er ei bygd med særleg høge kvalitetar i sentrum. Landskapsrommet rammer inn bygda, og sentrum er konsentrert langs kaien og Skålagato. Det er viktig å oppretthalde staden sine kvalitetar i vidare utvikling av Rosendal. Det bør vere eit mål for Kvinnherad, og særleg for Rosendal, å bruke arkitektur for å ivareta og styrke den lokale staden si eigenart. Gjennomtenkt arkitektur kan bidra til identitet, særpreg, kvalitet og berekraft. Statlege retningslinjer gjev at planlegging skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstadar, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Her spelar arkitekturen ein avgjerande rolle som verktøy.

Ny arkitektur kan styre Rosendal sin eigenart, identitet og attraktivitet lokalt og nasjonalt, ved at kvart enkelt prosjekt bidrar til: ein vakker og særpreget by som gir stoltheit og tilhørsle; og ein grøn by som gir livskvalitet og berekraft.

I planprogrammet står det om tema bygningsmiljø og estetikk i punkt 5.7.: «Planen set rammar for utbygging. For dei område der planen opnar for utvikling utan å gå vegen om detaljregulering, vil rammer for utforming verte meir detaljert. Også for andre område vil planen sette generelle rammer for utforming av bygg og omgjevnader. Temaet vil verte vurdert og handsama som del av planskildringa, men vert ikkje sjølvstendig tema i konsekvensutgreiinga. Det skal vurderast om planen skal følgjast av eit kvalitetsprogram med fokus på utforming og kvalitetar.»

I planskildringa går det fram at ny utbygging skal ha høg kvalitet: «Alle område i sentrum skal formast og byggast med høg arkitektonisk kvalitet, i varige material og med gjennomarbeida detaljering. Bygg skal få ei god form og harmonisk utforming tilpassa kringliggande bygningar. Fortetting i eksisterande bygningsmiljø skal vise ei arkitektonisk heilskapleg utforming som harmonerer med eksisterande bygg og er tilpassa terrenget det ligg i.» punkt 5.3

Til planen er det utarbeidd føresegnar om utforming, føresegnene er utforma med tanke på å sikre ei god framtidig utvikling av Rosendal. Samstundes saknar vi nokre rammer som kan vere referanse for kva som er høg arkitektonisk kvalitet og god form og harmonisk utforming, som eit kvalitetsprogram kunne gitt. Vi saknar også kvalitetsprogrammet, og grunngjeving for at planen ikkje vert følgt opp av denne.

Intensjonane med planen og føresegnene er gode, men føringane for utvikling av sentrum er generelle og ikkje godt nok ivaretatt i planen. Vi vil rå til at kommunen gjev tydelegare føringar gjennom føresegnene eller planskildringa om korleis omgrep som høg arkitektonisk kvalitet, god form og harmonisk utforming skal forståast. Bergen kommune har gjort eit stor arbeid med arkitektur- og byformingsstrategi som kan gje inspirasjon til å omtale god arkitektur: [Bergen kommune – byformingsstrategi gjev prinsipp](#).

### Barn og unges interesser

Det er positivt at det er gjennomført barnetråkkundersøking i planarbeidet. Det er referert til den fleire i planomtalen, men det er ingen oversikt over om det er gjort grep i planen for å følgje opp funn i barnetråkkundersøkinga. Planen har fokus på krav til leikeareal og trafikktryggleik i planskildring og føresegnar.

### Folkehelse

I planarbeid med bustadutbygging er det særleg viktig å legge fokus på gode bu- og nærmiljø, som legg til rette for både formelle og uformelle møteplassar. Det er viktig at alle, på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn, kan delta. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 slår fast at: «Vi skal styrke innsatsen mot opphoping av levekårsutfordringar, og utvikle eit variert bustadtilbod med god kvalitet, tilpassa behovet og i alle prisklasser. Bustadområda skal planleggast for sosial blanding med høg kvalitet i uteareala og god tilgang til kollektivtilbod.»

Vi oppmodar difor til å setje tydelege føringar for livsløpstilpassa bu- og nærmiljø og eit utbyggingsmønster som skapar gode uteområde der folk kan møtast. Vi oppmodar om at det vert sett fokus på aldersvenleg samfunnsutvikling i planarbeidet, ettersom vi ikkje kan sjå at dette er vurdert og omtala i planmaterialet. Aldersvenleg utvikling har som mål å skape samfunn som er tilgjengelege og inkluderande, og som fremjar aktiv aldring. Det handlar både om fysiske og sosiale omgjevnader.

Universell utforming av våre omgjevnader er ein forutsetning for eit aldersvenleg samfunn. Det handlar om korleis vi skaper og utviklar nærmiljø og lokalsamfunn, bustader, møteplassar, transportløyningar og aktivitetar i byer og tettstadar, slik at behova til ei mangfaldig gruppe eldre innbyggjar blir teke i vare på en god måte. Difor er det viktig at lokalkunnskap nyttast ved å inkludere dei eldre innbyggjarane på deira premiss. Planen viser til universell utforming av gangvegar og offentlege bygningar, men temaet bør også framhevast og utdjupast i samband med utforming av bustader og uteområde generelt. Vår erfaring er at det ikkje er nok å vise til TEK17. Områdeplanen må sette klare føringar for seinare detaljreguleringar innanfor planområdet. [Her finn de eit nytt hefte med døme på universelt utforma og aldersvenlege uterom og møteplassar - KS](#)

Det er positivt at kommunen legg opp til fortetting og transformasjon. Fortetting er eit bra tiltak i lys av reduksjon av klimagassutslepp og for å ta i vare natur, men det er viktig at ein sikrar sosial berekraft i prosessen og tek i vare dei gode mellomromma mellom det bygde miljøet. Natur tett på der ein bur er viktig for helse og trivsel. Særskilt eldre, unge og menneske med nedsett mobilitet må ha tilgang til natur i nærområdet. Gode liv i store og små stader krevjar nærheit og utsyn til grøntareal, og har mykje å sei for kor aktive innbyggjarar er.

### Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Godkjent regional plan for vassforvaltning skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Dette kan vere verdt å merke seg då andre gjeldande kommunale planar i Kvinnherad nemner tidlegare regional vassforvaltningsplan for Hordaland.

I høve Rosendal sentrum og områderegulering for Rosendal tettstad merkar fylkeskommunen seg gode føresegn når det gjeld kantsone og byggjegrænse mot vassførekomst, der det skal gjerast ein konkret farevurdering for tiltak nærare enn 100m frå vassdrag. Dette er veldig flott og vert viktig i eventuell detaljplanlegging til blant anna bustadutbygginga H310\_2 og omliggjande då dette ligg i nærleiken av eit verna vassdrag. Vi vil også minne om at vassforskrifta § 4 ikkje tillèt at nye byggjetiltak gjer tilstanden i elva eller andre vassførekomst dårlegare, eller hindrar at miljømålet om god tilstand i 2027 blir nådd.

### Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesdirektøren har mynde til å fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektøren har delegert myndet vidare til avdelingsdirektør for kultur og folkehelse for motsegn i plansaker som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneverdiar. Motsegnsretten er i medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering.

### **Administrativ motsegn**

Vestland fylkeskommune fremjar motsegn til planframlegget. Motsegna er knytt til vesentleg negativ verknad for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta. Motsegna blir trekt når plankart og føresegner er retta opp i tråd med våre innspel.

Motsegna vert fremja med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og etter vurderingar i tråd med Rundskriv T-2/16 punkt 2. Kulturminne og kulturmiljø i planområdet er av nasjonal verdi (punkt 2 a), og konsekvensane er av ein slik karakter at motsegn er naudsynt for å ivareta kulturmiljøinteressene (punkt 2b).

Det er knytt motsegn til følgjande punkt i plankart og føresegner:

1. Arealformålet H01 der dei automatisk freda kulturminna Askeladden id. 281631 og id. 281632 ikkje er vist med føresegnsområde. Desse skal visast i plankartet som føresegnsområde utan 5-meter sikringssone og ha korrekt tilhøyrande føresegner.
2. Arealformålet o-TV2 som er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne Askeladden id. 55170, nausttufta i Skipadalen.

Planområdet for områdeplanen omfattar Rosendal sentrum med areal vestover til og med gnr. 81 bnr. 4 og sørover på sørsida av elva til og med gnr. 89 bnr. 102 ved prestegardsnaustet.

## Askeladden id. 281631 og id. 281632: Busetnads- og aktivitetsområde frå yngre bronsealder og eldre jernalder

Manglar føresegningsområde

### 1. Arealføremål HO1

Arealføremålet er i direkte konflikt med Askeladden id. 281631 og 281632. Arealføremålet er eit område av planen som ligg mellom vegen og sjøen på Skåla gnr. 82, bnr. 3 og gnr. 82, bnr. 4, mellom Skipadalen og Coop Prix Rosendal. Dette arealet er i områdeplanen sett av til hotell/overnatting.

Det er knytt **motsegn** til dette punktet

I gjeldande KPA vedteken 2018, er delar av dette området sett av til næring. I samband med oppstartsmelding for områdeplanen for Rosendal tettstad vart det i 2021 føreteke arkeologisk registrering og då gjort funn av to mindre busetnads- og aktivitetsområde med spor etter fossile dyrkingslag og kokegroper (Askeladden id. 281631-1 og 2). Dateringsprøve av dyrkingslaget viste overgangen mellom yngre bronsealder og eldre jernalder (546-397 kal. BC) og ein lokalitet med to eldstader (Askeladden id. 281632-1 og 2), der den eine eldstaden vart datert til eldre romartid (120 kal. AD). Kulturminna som desse to lokalitetane utgjør er forholdsvis vanleg førekommande. Begge lokalitetane er i plankartet vist som H730 inkl. 5-meter sikringszone. Dette er ein feil av reint teknisk karakter og forholdsvis enkelt å rette opp.




Fig. 1 – Utsnitt frå områdeplankartet. Det lilla området HO1 viser forslag til hotell/overnatting. (Askeladden id. 281631 oppe i NV hjørne av planføremålet og id. 281232 oppe mot plangrensa litt aust for midten av planføremålet).




Fig. 2 – Utsnitt frå Askeladden. Id. 281631 oppe til venstre og id. 281232 til høgre.

**Motsegna vert trekt** dersom føresegningsområde vert vist i plankart med tilhøyrande føresegn: «Før det vert godkjend sett i gong tiltak i medhald av detaljreguleringsplanen innanfor føresegningsområde #XX, skal det gjerast arkeologisk utgraving av automatisk freda kulturminne med id. 281631 og id. 281632. Det kan ikkje gjennomførast tiltak innanfor området før dei automatisk freda kulturminna med id. 281631 og id. 281632 er frigjevne.»

## Askeladden id. 55170: Nausttuft frå jernalder

Manglar føresegningsområde

## 2. Arealføremål o-TV2

Arealføremålet er i direkte konflikt med Askeladden id. 55170, nausttufta i Skipadalen. Arealføremålet er del av føreslegen turveg langs sjølinja mellom sentrum og området sør for Rosendalstunet der galeasen Gurine vart restaurert. Eit kort strekk av denne vegen vil då gå gjennom sikringssona i søre del av nausttufta.




Fig. 3 – Utsnitt frå områdeplankartet. Det grønne strekket o-TV2 viser forslag til framføring av turveg gjennom sikringssona i søre ende av nausttufta i Skipadalen (Askeladden id. 55170).

Det er knytt **motsegn** til dette punktet

I gjeldande KPA vedteken 2018, ligg nausttufta inne på plankartet som bandlagt sone H730\_67 med underføremål landbruk. I samband med tidlegare ulovleg tiltak i kulturminnet og sikringssona, i 2015, vart det gjort tilbakeføringsarbeid i etterkant og tufta vart oppmålt på ny. Geometrien til kulturminnet er difor endra etter innmåling med CPOS. Den strekk seg ikkje fullt så langt sør som tidlegare innmåling, men heile strekket o\_TV2 ligg innanfor sikringssona og deler av sørvestre hjørnet på nausttufta.

**Motsegna vert trekt** dersom arealføremål o\_TV2 på dette strekket visast som føresegsområde med enklaste form for **tursti** maks. breidd 130 cm, som er minstekravet til universell utforming. Turstien må leggjast så langt ned mot nausta som råd er. Det må i alle høve søkjast dispensasjon frå kulturminnelova om noko skal skje innafør sikringssona på dette strekket.




Fig. 4 – Utsnitt frå Askeladden med nausttufta id. 55170 til høgre. Busetnad- og aktivitetsområdet id. 281629 som ligg vest for nausttufta vert ikkje råka av føreslegen turveg.

### Merknader ved vidare prosess

Då planen er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne må planen handsamast som søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8,4. ledd. Dispensasjon frå kulturminnelova vert handsama av Vestland fylkeskommune. For vurdering av dispensasjon skal vi innhente uttale frå Universitetsmuseet i Bergen, som utarbeider tilråding, prosjektplan og førebels utgravingsbudsjett. Dersom dispensasjon blir innvilga må det påreknast vilkår om utgraving av råka automatisk freda kulturminne.

Før vi kan oversende planen til Universitetsmuseet for vurdering må plankart og føresegner rettast opp i tråd med våre innspel. Når dette er retta opp vil fylkeskommunen oversende planen til Universitetsmuseet for handsaming av dispensasjon frå kulturminnelova § 8,4. ledd for dei automatisk freda kulturminna Askeladden **id. 281231 og id. 281232**, samt løyve til inngrep i sikringssone for Askeladden **id. 55170**.

### *Oppsummert frå kulturavdelinga:*

Avdelingsdirektør for kultur og folkehelse legg til grunn at planforslaget slik det ligg føre ikkje gir tilstrekkeleg vern av dei nasjonale kulturminneinteressene i planområdet. Det er gjort greie for korleis konflikten kan løysast. Vi ber tiltakshavar ta kontakt viss noko er uklart.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at alle motsegnspunkt frå Vestland fylkeskommune må vere avklart før vi kan handsame dispensasjon frå kulturminnelova § 8,4. ledd.

### Mobilitet og kollektiv

Føremålet med planen er å legge til rette for bustadbygging, ulike sentrumsføremål og idrettshall tilknytt Rosendal sentrum. Vidare er tilrettelegging for eit heilskapleg og betre tilrettelagt vegnett. Krysset mellom Baronivegen og Kyrkjevegen vert stramma opp, og vegsystemet gjennom Skålafjæro vert endra for å sikre betre og tryggare framkome for ulike trafikantgrupper. Trygge og attraktive løysingar for mjuke trafikantar viktige føremål, og desse er kopla til skole og idrettsområde på ein god måte. Sykkelparkering skal som hovudregel plasserast nærare målpunkt og inngangar enn bilparkering, og det er positivt.

Tidlegare i planprosessen har avdeling for Mobilitet og Kollektiv (MOK) vore tydeleg på at det er uheldig å fjerne dagens busstopp ved Skåla bru og rådhuset. Dette vil gjere avstanden til/frå kollektivtilbod lengre for besøkande til Baroniet og dei som er busett i Baronivegen, samt nye bustadområde som planen legg opp til. Tilbakemeldingar undervegs i planprosessen og planomtalen legg opp til at stoppa skal behaldast, og vi legg til grunn at dei vert vidareført.

Det er allereie gjort større utbetringar av kaifront og tilhøyrande kollektivfasilitetar sentralt i Rosendal, og det skal være høve til å legge til rette for ladeinfrastruktur. Vidare skal haldeplassen ved skulen utbetrast. Det har vore synfaring med Skyss for å vurdere om kollektivarealet ved skulen er tilstrekkeleg til å snu ein buss på. Det er svært lite areal å gå og dette ligg på tett på skulebygget, der det også er lagt opp til gangpassasje. MOK vil oppmode til å utvide arealet mot sør for å sikre eit tilstrekkeleg snuareal utan å risikere konflikt med mjuke trafikantar. Vidare er vi bekymra for at snusløyfa vert nytta som drop-soner av foreldre som køyrer barna til skulen. Det er lagt opp til nokre «kyss og køyr»-plassar ved idrettshallen, men det vil være noko tidkrevjande å køyre av hovudvegen og inn på lokalvegen for å sleppe av elevar. Det er og uvisst korleis bilar som nyttar drop-sona skal snu, og av omsyn til trafikktryggleik er dette ugunstig. Vi vil difor rå til å gjere ein ny vurdering av både lokasjon og løysing på drop-sona. Det er viktig å gjere det lite attraktivt å nytte kollektivarealet for av/på-stigning da dette vil vere krevjande for bussavviklinga.

### Samferdsel

Vår uttale frå avdeling Infrastruktur og veg er ein del av felles fråsegn frå Vestland fylkeskommune. 20.11.2024 var det dialogmøte mellom Kvinnherad kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. I utgangspunktet vurderte avdeling for Infrastruktur og veg å kome med tre motsegnspunkt til planforslaget. To av desse blei løyst i møtet og er heller tatt med som merknadar i fråsegna.

Avdeling for Infrastruktur og veg fremjar administrativt motsegn til reguleringsplanforslaget. Motsegn er heimla i plan- og bygningsloven § 5-4 og er forankra i veglova med gjeldande vegnormalar.

Avdeling for Infrastruktur og veg fremjar **motsegn** til følgjande punkt:

- Ved Malmanger skule er det ikkje regulert tilstrekkeleg med areal til at eksisterande busshaldeplass kan utbetrast og utvidast (o\_KH og o\_KH2).

Motsegn fell vekk når det er regulert nok areal til ei fullgod utbetring av busshaldeplassen ved Malmanger skule.

### *Skildring av motsegn*

Motsegn knytt til busshaldeplassen ved Malmanger skule er forankra i vegnormalane N100 Veg- og gateutforming og N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr. Det handla om framkome og

tryggleiken for bussane og dei mjuke trafikantane. Me meiner at det ikkje er regulert nok areal til ei fullgod utbetring av busslomma, og løysinga er ikkje i tråd med vegnormalane N100 og N101.

Det må utarbeidast vegteikningar som viser oppstillingsplassane, og syner bussane sine svingebevegelsar. Skulebygget kjem svært nær fortauet og er innafor vegen si tryggleikssone. Det er ikkje regulert anna veggrunn. Regulert løysing må i utgangspunktet fylgje krava i vegnormalane. Dersom ikkje dette er mogleg må løysinga fråviksbehandlast før planen kan vedtakast.

Slik busslomma er regulert no er den berre bygd for eksisterande kapasitet på skulen. Dersom skulen skal utvidast, og fleire bussar skal nytte haldeplassen, vil kapasiteten vera overgått. Dette bør det takast stilling til i områdeplanen.

Langs o\_KV9 er det regulert ei droppsona. Me har ikkje fått vegteikningar som syner at det er regulert nok areal for manøvrering og snu-moglegheiter. Droppsone er også regulert eit stykke vekk i frå fv. 500 og Malmanger skule. Det kan føre til at foreldre heller vel å nytte busslomma ved henting og levering.

For å løyse motsegn må de sjå nærare på mengde areal avsett til busshaldeplassen og utforminga av den. Det må også gjerast vurderingar av korleis droppsone ved skulen skal utformast og om det er tilstrekkeleg manøvreringsareal. Det må vera ei fullgod løysing slik at ein unngår at busshaldeplassen blir nytta til feil formål. Me oppfordra til at droppsone vert bygd ved skulen og fv. 500.



#### Andre merknadar


- Føresegnene må sikre at fylkeskommunale veglegg vert detaljregulert, og at me som vegeigar får høve til å ivareta fylkesveginteressene også gjennom byggesak. Når eit tiltak fører til utvida bruk av avkørsel og kryss, utan detaljregulering, må me som vegeigar få moglegheit til å uttale oss i saka. Dersom ein anna aktør skal utføre arbeid på våre vegar må det signerast ein gjennomføringsavtale.
- Sanering av kryss og trafikk på gang- og sykkelveg: I forkant av offentlig ettersynet av områdeplanen har Kvinnherad kommune rådført seg med fylkeskommunen angående bygging av o\_KV9 og sanere krysset mellom fv. 500 og Øyrovegen. Fylkeskommunen var positiv til etablering av o\_KV9 og sanering av eksisterande kryss mellom fv. 500 og Øyrovegen. Det er uheldig for trafiktryggleiken at eit kryss er plassert i ei busslomme, og potensielt innafor bussane si blindsona. Ei føresetnad for etablering av o\_KV9 var at eksisterande kryss må sanerast.
- I føresegnene 7.7.2 blir det opna opp for at o\_GS11 kan nyttast som tilkomstveg til fleire eigedomar og føremål: «o\_GS11 skal vere køyrbar tilkomst til KBA3 og for utrykkingskøyretøy og HC-parkering for o\_T2. o\_GS11 skal også fungere som køyrbar tilkomst til eigedommane 89/13 og 89/39 så lenge dei er i bruk til bustadføremål». I dialogmøtet 20.11.2024 blei det stadfesta at den tillate køyringa på o\_GS11 skal skje via o\_KV9, og ikkje via busshaldeplassen

(sjå kartutklipp under). Me vil likevel tilrå at det vert minst mogleg køyring på gang- og sykkelvegen, med omsyn til trafikktrygging og framkome for mjuke trafikantar. Her må det takast spesielt omsyn til skuleelevar og ungar som nyttar området på fritida.


- Elles kan me ikkje sjå at tilkomst til o\_T3 er løyst i planen (sjå kartutklipp under). Me ber om at områdeplanen løyser problemstillinga med at det i dag vert parkert ved utkøyringa frå busshaldeplassen.



- Rekkefylgjekrav for kryss: Som me har nemnt i teksten over, så har eksisterande kryss mellom Øyrovegen og fv. 500 ei dårleg plassering og utforming. Det kan ikkje tillast meir trafikk i dette krysset. Generelt for områdeplanen så forutset me at § 13.1 i føresegnene sikrar at det blir gjort nødvendige utbetringar av kryss/avkøyrslar, og andre veganlegg, før planen aksepterer nybygging. Me er likevel bekymra for at dette kravet ikkje er tydeleg nok for bygging av idrettshall på o\_KBA2. Føresegna §5 opna opp for at det kan byggast idrettshall på o\_KBA2 direkte etter områdeplanen utan detaljregulering.
- Me ber om at det blir stilt konkret rekkefylgjekrav om at før tiltak på o\_KBA2 blir sett i gang må o\_KV9 og o\_GS11 byggast, og eksisterande kryss må sanerast. I dialogmøtet 20.11.24 kunne Kvinnerad kommune stadfeste at det skal stillast konkret rekkefylgjekrav til opparbeiding av o\_KV9 og o\_GS11, og sanering av eksisterande kryss, før idrettshall på o\_KBA kan byggast.
- Skålagato: Me sakna ei strengare regulering av trafikkmengda i kryssa i Skålagato fv. 500. Me forstår det slik at intensjonen med planen er at o\_KV6 (Skålagato kommunal veg) skal vera hovudtilkomsten til Skålafjæro, og dei andre tilkomstane skal ha avgrensa med trafikk (o\_KV3, o\_KV4 og o\_V4/o\_GT3). Men slik tilkomstane er regulert i planen vil dei framleis vera opne for den trafikkmengda som er i dag. For å redusere trafikken i desse kryssa vil me til dømes tilrå at o\_KV3 vert regulert som tilkomstveg til eigedomar og elles vera stengt for trafikk. o\_V4 kan stengast mot o\_GT3, slik at ein unngår gjennomkøyring.
- Me anbefala ikkje etablering av rundkøyring i sentrumsområde. Rundkøyring prioriterer framkome for harde trafikantar, medan det reduserer framkome for dei mjuke.
- SF1 har i dag ein uoversiktleg og utflytande avkøyrslar. Avkøyrsla bør difor teiknast inn i kartet for å sikre at det er nok areal til opparbeiding av ein trygg tilkomst.
- Avkøyrsla til B/F1 har i dag ein dårleg utforming med omsyn til sikt mot nord og noko bratt stigning. Ber om at det blir forsøkt å utbetra avkøyrsla i områdeplanen. Leikearealet f\_LEK må skjermast mot køyrevegen og sikrast trygg tilkomst.
- BF3: Me kan ikkje tillate ei utbygging i BF3 (sjå kartutsnitt under). Ein bygningsmasse her vil kome svært nær fylkesvegen og i eit kryssområde som må vera oversiktleleg.



- Fortau og gang- og sykkelveg: Jf. gatenorma i handboka N100 må gang- og sykkelveg og fortau førast 2 m inn i vegkryss. For avkøyrslar må det synleggjerast i kartet at køyrande har vikeplikt for mjuke trafikantar.
- Ved Skålabrua må fargen på fortauet justerast til gs-veg/fortau (sjå kartutsnitt under). I busslomma, på motsett side av vegen, må arealet til busslomme og fortau utvidast i tråd med dei vegteikningane som blei tilsendt fylkeskommunen i fråvikssøknad. Desse justeringane sikrar rett utforming på busslomma og at det blir sett av tilstrekkeleg med areal til formålet.



- § 2.6.2 i føresegnene kan ikkje gjelde for byggegrensa til fylkesvegane. Dette er viktig for å ivareta sikkerheitssona til vegen og at tiltak ikkje grip inn i vegkroppen.
- Føresegna § 3.1.3 må gjelde før det vert gjeve igangsetjingsløyve.
- Fotgjengarfelt skal ikkje regulerast i områdeplanen. Etablering av fotgjengarfelt krev skiltvedtak og skal handsamast utanfor plan- og bygningslova. Ta difor vekk §§ 7.1.2 og 7.3.2.
- Viser til føresegn § 2.4.7. Me kan ikkje akseptere at bygg kan krage ut over fylkeskommunale fortau/gang- og sykkelveg. Årsaka er fare for nedfall til fortau/gang- og sykkelveg.

#### Oppsummering frå Infrastruktur og veg

Avdeling for Infrastruktur og veg har motsegn til utforming av busshaldeplass ved Malmanger skule. For at motsegna skal trekkast må det gjerast naudsynte justeringar i plankartet og evt. søkast om fråvik. Me er oppteken av å få eit konkret rekkefylgjekrav for nytt kryss i samband med bygging av ny idrettshall. Me har elles andre merknadar som også må fylgjast opp.

#### Konklusjon

Vestland fylkeskommune har vesentlege merknadar til planforslaget. Etter delegeringsreglementet for Vestland fylkeskommune fremmar administrasjonen **motsegn** for konfliktane knytt til sektoransvara som vert forvalta gjennom veglova og kulturminnelova.

- Arealformålet HO1 der dei automatisk freda kulturminna Askeladden id. 281631 og id. 281632 ikkje er vist med føresegnssområde. Desse skal visast i plankartet som føresegnssområde utan 5-meter sikringszone og ha korrekt tilhøyrande føresegner.

- Arealøremålet o-TV2 som er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne Askeladden id. 55170, nausttufta i Skipadalen.
- Ved Malmanger skule er det ikkje regulert tilstrekkeleg med areal til at eksisterande busshaldeplass kan utbetrast og utvidast (o\_KH og o\_KH2).

I tillegg rår vi kommunen til å jobbe vidare med føringar for utvikling og varetaking av dei funksjonelle, arkitektoniske og romlege kvalitetane ved tettstaden Rosendal.

Med helsing

**Liz Eva Tøllefsen**  
seksjonsleiar  
NPI – Plan, klima og analyse

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagansvarleg kommunal plan  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER